

## ÅRSMELDING 2024

### NATURVERNFORBUNDET I Molde

11:54 i dag NTB → DEL

Rydda 140 kg søppel!



Rydda strender på Skåla Foto: Privat

Naturvernforbundet i Molde arrangerte vårryddag på Bolsøya 16. mars.

Både store og små plukka søppel på stranda ved tunellen 2 timer den laurdagen. Det vart funne mellom anna korker, tau, plast, mykje isoporrestar og mykje meir.

RIR hadde stilt opp med kontainer og vog

Naturvernforbundet i Molde har hatt stor aktivitet, og har i løpet av 2024 blant annet jobba med søppelrydding, reparasjonsmotivasjon og bevaring av Retrioparken. Eitt av måla har vore å få med fleire medlemmer og aktive i lokallaget. Styret er godt fornøgd med året 2024 og ser fram til eit godt samarbeid med medlemmene, og med lokalsamfunnet i Molde.

### Prioriterte saker

Årsmøtet vedtok at vi i 2024 skulle ha hovudfokus på følgjande saker:

- Bevaring av Retrioparken
- Få med fleire aktive i lokallaget
- Auke kontakten mellom styret og medlemmene
- Klesbyttedag
- Ulike ryddeaksjonar

### Organisatorisk

#### Årsmøte

Årsmøtet var på 12.2.2024 på Molde vgs. Møtet vart inndeia med eit innlegg om klimaarbeidet i kommunen ved klimarådgiver i Molde kommune. Årsmøte vart gjennomført med behandling av blant anna rekneskap, årsmelding og val. Det møtte 16 medlemmer på årsmøtet. Protokollen frå årsmøtet kan ettersendast til dei som ønskjer det.

## **Styret**

Styret har hatt 4 styremøte i 2024, og har hatt følgjande medlemmer:

Leiar: Kristin Glæstad Vonheim  
Kasserar: Knut Løken  
Styremedlem: Susanne Busengdal  
Styremedlem: Japke Stobbe  
Styremedlem: Kjell Lyse  
Styremedlem: Marianne Gjelstenli Anderson  
Vara: Thor Due  
Vara: Bente Iversen Foseide

Ein representant frå styret trakk seg i løpet av året pga personlege forhold. Begge vararepresentantane har blitt kalla inn styremøta. Mellom styremøta har det vore dialog på e-post om aktuelle saker.

## **Medlemmer**

Naturvernforbundet i Molde hadde pr 31.12.2024 314 medlemmer.

Dette er ei auke på 23% samanlikna med 2023.

## **Inkludering og rekruttering**



Naturvernforbundet skal fram mot 2030 jobbe for å bli ei brei folkerørsle for natur, miljø og klima. I lokallaget har vi arbeidd med inkludering og rekruttering ved å blant anna:

- Oppretta ei lukka facebookgruppe for medlemmene i lokallageten der aktuelle arrangement, spørsmål til medlemmene og annet aktuelt er publisert forløpende. Det er lite aktivitet i denne gruppen utover det som styret publiserer.



Medlemsgruppe for  
Naturvernforbundet Molde >

- Sendt ut 3 medlemsbrev med informasjon om aktiviteten i lokallaget og korleis ein kan engasjere seg.

- Hatt stand på Innflyttardagen i Molde
- Arrangert 2 medlemsmøte hausten 2024
- Samarbeida med andre organisasjonar som Fiks det Molde, Molde husflidslag, Innbyggerlaben Innom, Molde frivilligsentral, Natur og Ungdom, Miljøagentene i Molde, Retroparkens venner, Nordmøre og Romsdal friluftsråd, Hold Norge Rent m.fl.
- Arrangert opne ryddeaksjonar fleire gonger gjennom året
- Vore aktive i media, blant anna på facebooksida til Naturvernforbundet i Molde. Følgjarar på FB har auka frå 337 til 409.

## Økonomi

I 2024 endte vi med eit /underskot på kroner 724,37

Utvikling i eigenkapitalen til lokallaget:

saldo pr 01.01.2024: kr 45.821,48

saldo pr 31.12.2024: kr 45.097,11

## Arbeid i 2024

Naturvernforbundet i Molde har jobba med blant anna følgjande saker i 2024:

### Retroparken

Lokallaget har samarbeida med Retroparkens venner, og gitt uttale blant anna gjennom FNF. 4 frå styret deltok på befaring for formannskapet i Molde kommune hausten 2024. Styret var representert på dugnader og andre arrangement. Eksempel på dette er markering utanfor stadion i forbindelse med kampar etter eit privat initiativ som ønskte at Naturvernforbundet deltok. Saken vekker stort engasjement hos innbyggjarane i Molde, og det er viktig å oppretthalde trykket på den politiske prosessen i saka.

### Søppel



Vi har gjennomført fleire ryddeaksjonar på Bolsøya og i Molde sentrum

- Rydde etter nyttårsfeiring på torget 1.januar
- Byryddedag i mai
- Strandryddedag i juli, og i september (det vart planlagt for enda ein strandryddeaksjon hausten 24 som måtte avlysts pga været)

Fleire av aksjonane har blitt organisert av medlemmer utanom styret, og det applauderer vi. Aksjonane er ofte organisert i samarbeid med andre organisasjonar som Hold Norge Rent, Nordmøre og Romsdal friluftsråd, InnbyggerLaben Innom, Molde sentrumsforening, Miljøagentene i Molde m.fl. Vi har inntrykk av at konkrete oppgåver (som rydding av søppel og klesbytting) som «folk flest» kan gjere, og som har ein effekt på naturen rundt oss, er viktig for å halde oppe engasjementet og gleda ved naturvern.

Styret har også arbeida for at lov- og regelverk blir følgt, både av det offentlege systemet og privatpersonar.

**kommune er anmeldt**

Naturvernforbundet i Molde trøppet fredag opp på politistasjonen med en omfattende anmeldelse.



Fredag leverte Naturvernforbundet Molde inn en anmeldelse av det de mener er miljøkriminalitet som har pågått i flera år. F.v. Knut Løken, Kristin Glaestad Vonheim og Kjell Lyse.  
Foto: BJØRN BRUNVOLL

Representantar frå styret har også deltatt på Innbyggerlaben i Molde i møte mellom kommunen, RIR og Miljøagentene i Molde om tekstilavfall jf. Ny lov 1.1.2025. Det vart etablert eit nettverk mellom RIR-kommunane, politiet og Molde brannvesen 4.9.2024, der tre representantar frå styret deltok. Dette var blant anna eit resultat av fleire klagesaker som Naturvernforbundet har hatt.

## Klesbytte og reparasjon

Lokallaget arrangerte klesbyttedag, i samarbeid med Molde frivilligsentral, Molde husflidslag, Natur og Ungdom og Miljøagentene i Molde. Aandahls var sponsor for arrangementet, og vi involverte fleire aktørar som f.eks. jurymedlemmer til sykonkurransen. Ordførar Trygve Grydeland deltok. Mange frivillige deltok, både frå medlemmene i lokallaget og andre. Vi ser at dette er eit populært arrangement, og at det engasjerer både frivillige og deltakarar. Det vart fleire medieoppslag om arrangementet.

Romsdals Budstikke Nyheter Mening Sport Kultur RB Play RB24 Les E-avisar Søk i dagsannonser - tilgang A

### Over 2000 plagg byttet eier i Molde lørdag



6., 7 og 12.november var lokallaget medarrangør saman med Fiks det Molde og Romsdalsmuseet på fiksearrangement. Det var faglege foredrag om tekstilar, debatt om tekstilloven og reparatørsamfunnet med utgangspunkt i boka «Kan det fikses?» av Marte Ulltveit-Moe. Det var også praktisk verkstad med sying av restmateriale frå Rauma ull mfl... Det deltok 3 frivillige frå lokallaget i tillegg til to frå styret.



## Høyringssvar og uttaler

Lokallaget har gitt 7 uttaler, og skrive 34 brev og høyringssvar om arealplaner, avfall, skog og anna.

## Slåttemark i Lingedalen

Vi fekk statstilskot til skjøtsel av ei mark for å legge til rette for pollinerande insekt. Rapport om arbeidet er send til Statsforvaltaren.

## Lyngbrenning på Gossen

Vi brente den 8 mars med 16 deltakar og det vart brent 19,5 dekar. Den 8 mars vart det også tatt ut framande artar; 22 lutzgran. Alle vart fjerna. Gjennom telling av årringar fann vi ut at to av granene var 8 og 9 år gamle. Vi tok bort gjerde på nokre prøveflater 20.mars. Vi tok ut nokre små graner på Røssøya, og ringbarka platanlønna. Rapport om arbeidet er sendt til Statsforvaltaren. Den 15 juni deltok vi på Aukradagen og orienterte om skjøtselen av kystlyngheia.

## Dialogmøte med oljenæringa

27.11. arrangerte Naturvernforbundet sentralt, fylkeslaget og lokallaget eit dialogmøte med oljenæringa, fagorganisasjoner, næringslivet og politikere på InnbyggerLaben Innom.

Hvordan vil omstillingen se ut i Romsdal? Vi presenterte rapporten [Broen til framtiden](#) før deltakarane fekk gi innspel og diskutere gjennom verkstadsarbeid. Ordfører i Molde og Rauma, og fylkesordfører var blant deltakerne.



## Anna

Styret vart invitert til å delta på klimamarsj 30.8. organisert av Natur og Ungdom. Vi hadde stand på Innflytterdagen i Molde, sendte ein representant til Hold Norge Rent-konferansen og deltatt på landsmøtet i Naturvernforbundet.



Molde, 19.1.2025

Styret i Naturvernforbundet i Molde